



Knut Morten Ånensen
Molvikavegen 455
5993 OSTEREIDET

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/8090 - 21/82634

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:
07.12.2021

Førebels svar med trong for tilleggsopplysningar - gbnr 227/2 Molvik

Tiltak: Oppretting av ny grunneigedom
Byggjestad: Gbnr 227/2
Tiltakshavar: Knut Morten Ånensen, Svein Harald Molvik

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 20.09.2021. Me seier oss leie for at saka ikkje har vorte handsama før no.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det må leggast fram erklæring om vegrett/ gangvegrett. De kan nytta vedlagte skjema som må fyllast ut i 2 originalar og sendast kommunen. De kan la bnr. I punkt 3 A stå ope for seinare utfylling.
2. Det må gjerast greie for om gbnr 227/2 framleis har naust etter frådelling som omsøkt.
3. I dispensasjonssøknaden er det oppgjeve at naustet vart ført opp ca. 1950. Naustet er registrert i Sefrak registeret (landsdekkande register over eldre bygningar og andre kulturminne i Noreg.) Her er naustet registrert om oppført i 1920 på gamal naustetomt. Det må gjerast greie for kor tid naustet er oppført.
4. Det er søkt om deling til uendra bruk. Me treng opplysningar om følgjande:
 - Om naustet er lovleg bygd
 - Om bruken har vore samanhengande
 - Om bruken har vore uendra frå naustet vart bygd
 - Om bruken skal fortsette som før
 - Om tilstanden til naustet. Legg gjerne ved bilete for dokumentasjon.

Videre treng me få opplyst om naustet heile tida har høyrte til gbnr 227/7.

Kommunen ber om at tilleggsm informasjon vert sendt inn samla innan 11.01.2022. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennlig helsing
Alver kommune, Kart og oppmåling

Tommy Veland
Avdelingsleiar

Kjartan Medaas
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

erklæring-om-rettighet_nyn

Mottakarar:

Knut Morten Ånensen	Molvikavegen 455	5993	OSTEREIDET
Knut Morten Ånensen, Svein Harald Molvik	Molvikavegen 549	5993	OSTEREIDET